



Rune Hjønnevåg sin eigedom er 134/93 og farga gul. Øverst til høgre er anlegget til brødrene Hjønnevåg og nederst eigedomen som nyleg vart seld til Ole Torbjørn Holmedal.

Børnes Industriområde, som ikkje minst var kraftig i fokus under valkampen, er allereie på god veg til å bli skikkeleg "aktivisert". Det har også kome i gang opprydding der. Området har vore samanlikna med ein avfallsplass.

Rune Hjørnevåg, som driv med sal av drivstoff til radiostyrte bilar, båtar, helikopter og fly og ikkje minst drivstoff til slike, skal no setja i gang planering av tomta som han etter mykje om og men fekk kjøpt av kommunen på Børnes.

Den ligg rett i mot anlegget til brødrene Hjørnevåg og her må det til litt fjellsprenning og ellers oppfylling. Firmaet Moss og Søllesvik AS i Dimmelsvik skal gjera jobben.

Hjørnevåg har sendt nabovarsel til naboar. Nabo i nordaust er altså Hjørnevåg-verksemda og sør er det eigedomen som for stutt tid sidan vart seld til Bogsnes Marine Eigendom (Ole Torbjørn Holmedal). Nabo i sørvest er Sigvald Arne Mortveit på Stord, går det fram av nabovarsla. Han er bustyrar for buet som eig denne tomta.

Av Ola Matti Mathisen



Det er i dette området (på den andre sida av vegen) Rune Hjørnevåg vil slå seg ned med si verksemd. (Foto: Ola Matti Mathisen)